



## STORTINGET

# Innst. 306 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget  
frå kontroll- og konstitusjonskomiteen

Dokument 12:21 (2019–2020)

**Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Grunnlovsframlegg frå Nils T. Bjørke, Marit Knutsdatter Strand, Geir Pollestad, Arne Nævra, Karin Andersen og Lars Haltbrekken om endring i § 112 (vern av dyrka og dyrkande mark)**

Til Stortinget

## Samandrag

Grunnlovsframlegg 21 (2019–2020) er fremja av Nils T. Bjørke, Marit Knutsdatter Strand, Geir Pollestad, Arne Nævra, Karin Andersen og Lars Haltbrekken og gjeld endring i § 112 (vern av dyrka og dyrkande mark).

Forslagsstillarane viser til Stortinget si handsaming av Innst. 131 S (2018–2019), jf. Dokument 12:24 (2015–2016). Ved Stortinget si handsaming fekk ikkje forslaget om å grunnlovfesta vern av matjordressursane det naudsynte talet på røyster for å verta vedteke.

Forslagsstillarane meiner at god forvaltning av dyrka og dyrkande mark er grunnleggjande for matproduksjon og dermed for menneska sin eksistens. Desse areala utgjer ein knapp ressurs som treng sterkt vern. Jordbruksarealet utgjer berre 3,7 pst. av landarealet i Noreg. Den langsiktige og eksistensielle karakteren gjer at dyrka og dyrkande mark må verta nemde uttrykkeleg i Grunnlova. Forslagsstillarane gjer difor framlegg om eit tillegg i Grunnlova § 112 første ledd andre punktum om dette.

Matjorda her til lands er ein sårbar, men særns naudsynt ressurs. Store areal med matjord som det tek nokre timar å skubbe vekk med maskiner, tek fleire tu-

sen år å opparbeide. Matjorda Noreg har, legg til rette for matproduksjon, busetjing og sysselsetjing over heile landet. Med andre ord; matjorda har ei særstilling fordi ho i tillegg til å styrkja mattryggleiken óg er avgjerande for anna samfunnsutvikling. Samanliknar ein Noreg med grannelanda, har Noreg klart mindre areal med dyrka jord.

Etter den andre verdskrigen har omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord vore på om lag 1,2 millionar dekar totalt. Det meste av dette er areal som har vore eigna til matkornproduksjon.

Omdisponeringa av matjord til utbyggingsformål og anna har minka dei seinare åra i tråd med auka bevisstgjerung rundt vern av denne ressursen. Endelege tal frå SSB viser at det i 2019 vart omdisponert 3 617 dekar dyrka jord. I tillegg kjem omdisponeringa av 4 540 dekar dyrkbar jord i 2019.

Dei fleste byar og tettstadar i Noreg med befolkningsvekst er omkransa av dyrka jord. Mykje av den beste jorda ligg difor der utbyggingspresset er størst. Over halvparten av nedbygginga skjer i og omkring tettstadar. Kombinert med ynske om ei mest mogeleg samla utbygging rundt eksisterande byar og tettstadar skaper dette utfordringar i arbeidet med å ta vare på jordressursane for framtida. Det er om lag 10 millionar dekar jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) i drift i Noreg i dag. I tillegg har Noreg om lag 12,5 millionar dekar dyrkbar jord eigna for nydyrking. Produksjonspotensialet til den dyrkande jorda er i sum monaleg mindre enn for dagens jordbruksareal. Det er difor viktig at formuleringa i grunnlovsteksten har med seg både dyrka og dyrkande mark.

Stortinget vedtok den 8. desember 2015 at det årlege målet for omdisponering av dyrka mark skulle settast til 4 000 dekar. Dette vart på nytt stadfesta ved handsa-

minga av eit representantforslag om strengare jordvern mål i Stortinget 4. juni 2020. Mange meiner at dette målet er altfor høgt og ynskjer seg ein nullvisjon for tap av dyrka mark.

Forslagsstillarane meiner matjorda er ein så viktig ressurs at den bør verta omtala særskilt i Grunnlova si føresegn i § 112 første ledd andre punktum om naturressursane.

Forslagsstillarane fremjar følgjande forslag:

«§ 112 første ledd andre punktum skal lyda:

Naturens ressurser, herunder dyrket og dyrkbar mark, skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten.

–

Naturressursane, medrekna dyrka og dyrkande mark, skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.»

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kari Henriksen, Frode Jacobsen og Kirsti Leirtrø, frå Høgre, leiaren Peter Frølich og Svein Harberg, frå Senterpartiet, Nils T. Bjørke, frå Framstegspartiet, Carl I. Hagen, frå Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, frå Raudt, Seher Aydar, frå Venstre, Grunde Almeland, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Lan Marie Nguyen Berg, viser til at Stortinget har handsama grunnlovsframlegg om vern av dyrka og dyrkande mark to gonger, jf. Innst. 131 S (2018–2019) og Innst. 288 S (2015–2016). I begge høve var komiteen si innstilling at framlegget skulle verte vedteke. Komiteen sine innstillingar har fram til no ikkje fått grunnlovsmessig fleirtal.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne, støttar forslagsstillarane i at matjorda her til lands er ein sårbar, men særns naudsynt ressurs. Store areal med matjord som det tek nokre timar å skubbe vekk med maskiner, tek fleire tusen år å opparbeide. Matjorda som Noreg har, legg til rette for matproduksjon, busetjing og sysselsetjing over heile landet. Matjorda har ei særstilling fordi ho i tillegg til å styrkja mattryggleiken òg er avgjerande for anna samfunnsutvikling. Samanliknar ein Noreg med grannelanda, har Noreg klart mindre areal med dyrka jord. Matjord utgjer berre 1 pst. av Noregs areal.

Fleirtalet viser til at Riksrevisjonen i Dokument 3:4 (2023–2024) har undersøkt korleis dei sentrale føresetnadene som norsk mattryggleik byggjer på, vert sikra.

Undersøkinga syner at arealressursane i jordbruket ikkje vert forvalta på ein fullt ut berekraftig måte. Betydelege jordbruksareal av god kvalitet vert bygde ned og omdisponerte. Det totale jordbruksarealet i Noreg har halde seg relativt stabilt dei siste 20 åra. Men den beste jorda – der vi kan produsere korn, potetar og grønnsaker – har vorte redusert. Store jordbruksareal av god kvalitet er ikkje i drift. Over tid er det gjort omfattande omdisponering av dyrka og dyrkbar jord gjennom planprossar og dispensasjonar.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne viser til at dette syner at matjorda som ressurs ikkje vert sikra godt nok gjennom ordinær sektorpolitikk. Desse medlemene viser til at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 173 S (2023–2024) la vekt på at utgangspunktet for matproduksjonen er arealressursane. Difor må forvaltninga av dei ha eit evig perspektiv.

Desse medlemene støttar at matjorda er ein så viktig ressurs at ho bør verte omtala særskilt i Grunnlova si føresegn i § 112 første ledd andre punktum om naturressursane. God forvaltning av dyrka og dyrkande mark er grunnleggjande for matproduksjon og dermed for menneska sin eksistens. Produksjonspotensialet til den dyrkande jorda er i sum monaleg mindre enn for dagens jordbruksareal. Difor har formuleringa i grunnlovsteksten med seg både dyrka og dyrkande mark.

Desse medlemene tilrår på denne bakgrunn at Grunnlovsframlegg 21 (2019–2020) vert vedteke, slik at § 112 første ledd andre punktum skal lyda:

«Naturens ressurser, herunder dyrket og dyrkbar mark, skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten.

–

Naturressursane, medrekna dyrka og dyrkande mark, skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.»

Komiteens flertall, medlemene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, mener at det er mest nærliggende å la beslutninger om jordvern og dyrket mark tas av de som er nærmest, altså at man følger et subsidiaritetsprinsipp hvor beslutninger skal tas på et så lavt nivå som mulig. Det er en styrke for lokaldemokratiet og for legitimiteten til beslutningene.

Fleirtallet mener derfor at dagens lovgivning gir et tilstrekkelig vern, og at det ikke er et eksplisitt behov for et særskilt grunnlovsvern av jordressursene.

Fleirtallet vil på denne bakgrunn anbefale at forslaget om endring i Grunnloven § 112 ikke bifalles.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til at de fleste byer og tettsteder i Norge er omkranset av dyrket jord, og at mye av den beste jorda ligger der hvor utbyggingspresset er størst. Ønsket om en mest mulig samlet utbygging rundt eksisterende byer og tettsteder skaper utfordringer med å ivareta jordressursene for fremtiden.

Disse medlemmer viser til at etter hvert som samfunnsutviklingen går fremover, vil noe dyrkbar mark måtte brukes til andre gode formål. Likevel har omdisponeringen av dyrket mark gått ned de siste årene, etter at det har blitt satt fokus på denne problemstillingen.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne påpeker at å beskytte og fø befolkningen er de mest grunnleggende oppgavene til en nasjonalstat og en selvstendig del av vårt høyeste juridiske vern. Denne oppgaven settes under press av flere faktorer: befolkningsvekst, geopolitikk, klimaendringer og tap av biologisk mangfold samt mangel på vann og utarming av jord globalt. Både av hensyn til egen mat sikkerhet og internasjonal solidaritet bør vi øke matproduksjonen på egne ressurser.

Disse medlemmer viser til at jordbruket vårt ivaretar mange funksjoner i tillegg til den konkrete produksjonen – rekreasjon, økologiske funksjoner, dyreliv og fangdammer for flomvann. Vi kjenner betydningen jordbruksareal har for å binde karbon, og den enorme betydningen jorda og grøntstrukturen har for å redusere flomskader. Ikke minst det siste vil kunne få økende betydning framover, med klimaendringer og forventede større oversvømmelser og skader.

Disse medlemmer viser til at 83 000 dekar matjord var foreslått satt av til andre formål i kommunale arealplaner for 2022. I tillegg beregner Samferdselsdepartementet nedbygging av rundt 1 000 dekar matjord per år de neste 6 årene, hovedsakelig til vei.

Disse medlemmer understreker at kommunenes selvstyret i de fleste tilfeller er et viktig gode, men når det gjelder å stå imot utbyggerinteresser og gode formål som skole- og idrettsanlegg, muligheter for næringsutvikling og arbeidsplasser, taper matjord og naturgang på gang. Stortinget har også vedtatt at matjord må

vernes, men store muligheter for dispensasjoner og mangel på helhetlig oversikt og kontroll fører til en bit-for-bit-nedbygging av våre aller mest verdifulle arealer. Matjord er en nasjonal, livsviktig naturressurs og trenger vårt sterkeste juridiske vern mot omdisponering.

Disse medlemmer mener at hovedmålet med norsk jordbrukspolitikkbør være å produsere mest mulig og best mulig mat av de ressursene vi har i Norge. Dette må skje på en måte som bygger opp jordressursene, slipper ut minst mulig klimagasser, binder mest mulig karbon og øker naturmangfoldet. For å oppnå en god forvaltning av matjorda til det beste for hele landet og framtidige generasjoner trenger vi et langt sterkere nasjonalt vern.

## Forslag fra mindretal

**Forslag fra Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne:**

### *Forslag 1*

Dokument 12:21 (2019–2020) – Grunnlovsframlegg fra Nils T. Bjørke, Marit Knutsdatter Strand, Geir Pollestad, Arne Nævra, Karin Andersen og Lars Haltbrekken om endring i § 112 (vern av dyrka og dyrkande mark) – vert vedteke.

## Tilråding fra komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Venstre.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til grunnlovsframlegget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 12:21 (2019–2020) – Grunnlovsframlegg fra Nils T. Bjørke, Marit Knutsdatter Strand, Geir Pollestad, Arne Nævra, Karin Andersen og Lars Haltbrekken om endring i § 112 (vern av dyrka og dyrkande mark) – vert ikkje vedteke.

Oslo, i kontroll- og konstitusjonskomiteen, den 7. mai 2024

**Peter Frølich**

leiar

**Nils T. Bjørke**

ordførar

